



**Stord
Arbeidarparti**

Valprogram for
perioden 2023-2027



Trygg styring og sterke fellesskap

Kvifor skal folk stemma på meg?

Politikk er grunnleggjande sett ein verdikamp. For meg og Arbeidarpartiet er det dei sosialdemokratiske verdiane fridom, likskap og solidaritet som er rettesnora for dei politiske vala me tek. Me trur på eit samfunn der me løyser dei store oppgåvene i fellesskap; der den einskilde, uavhengig av bakgrunn, skal ha moglegheit til å skapa seg eit godt liv; og der me saman stiller opp for kvarandre og for dei som av ulike grunnar fell utanfor. Kort sagt: eit samfunn med sterke fellesskap, der forskjellane er små og moglegheitene store.

Mitt politiske engasjement er tufta på desse verdiane, og på eit sterkt engasjement for Stord og Sunnhordland. Eg er veldig glad i kommunen og regionen vår, og kan ikkje tenkja meg noko meir meningsfullt enn det å vera med og utvikla lokalsamfunnet vårt til det beste for oss som bur her.

Etter seks år som ordførar har eg etter kvart fått solid erfaring i denne rolla, og eg har utvikla gode samarbeidsrelasjonar til politiske kollegaer og kommuneadministrasjonen. Eg har lagt vekt på å vera ein samlande ordførar og søkja breie samarbeid, ikkje minst i saker med stort konfliktpotensial. For meg er det ikkje nødvendigvis eit mål å trumfa gjennom mitt syn, men å finna dei gode løysingane i lag gjennom konstruktiv politisk debatt.

Meir enn einskildsaker er eg oppteken av heilskapen. Som sosialdemokrat vil likevel eit seriøst arbeidsliv, ein god fellesskule og gode kommunale tenester for eldre og svakare stilte vera viktig. Den viktigaste saka for meg er likevel klima og miljø. Også me lokalpolitikarar har ei plikt til å gjera det me kan



for å utvikla eit berekraftig samfunn for dei som kjem etter oss.

Eg er stolt av mykje av det me har fått til dei siste åtte åra. I tråd med det me har lova veljarane våre, har me satsa på utvikling av tenestene i eigen regi og på å fremja det seriøse arbeidslivet. Me har løfta opp klima og miljø som ei hovudsak i den kommunale planlegginga. Og me har gjort store investeringar i skule og helse- og omsorgstenestene samtidig som me har hatt god kontroll på økonomien.

Men mange utfordringar gjenstår, og eg er overbevist om at kontinuitet i den politiske leiarskapen er avgjerande for den vidare utviklinga av stordsamfunnet.

Godt val!

Grunnsyn og visjonar

Stord Arbeidarparti sine representantar har som sitt fremste mål å ta i vare interessene og velferda til innbyggjarane i Stord kommune. Dei politiske prioriteringane våre vil byggja på dei sosialdemokratiske grunnverdiene fridom, likskap og solidaritet. Stord Arbeidarparti har gode røynsler med samarbeid med andre parti og er innstilt på å finna balanserte løysingar til beste for stordsamfunnet i samarbeid med andre.

Arbeid for alle er framleis jobb nummer éin. Arbeidarpartiet vil difor arbeida for eit seriøst og framtidsretta arbeids- og næringsliv med trygge arbeidsplassar. Me vil gjera vårt for å skapa gode rammevilkår for næringslivet på Stord og i regionen elles, og fremja ei utvikling mot grøne arbeidsplassar og grøn produksjon basert på dei solide industritradisjonane Stord har.

Klimaforverringa kan bli eit av dei største trugsmåla mot velferd og livskvalitet i framtida. I alle politiske avgjerder må difor omsynet til klima, natur og ei miljømessig berekraftig utvikling av Stord-samfunnet leggast til grunn. Stord Arbeidarparti vil ha eit langsiktig og berekraftig perspektiv på arealforvaltninga i kommunen. Det må skiljast tydeleg mellom sentrums-/utbyggingsområde og jordbruks-/naturområde. Jordbruksarealet skal ikkje reduserast.

Gjennom arealforvaltninga vil Arbeidarpartiet slik prioritera å vidareutvikla trivelege sentrumsområde, bevare trivselsskapande kulturlandskap og gi innbyggjarane lett tilgjenge til friluftsområde. Det er eit mål at Stord skal vera eit aldersvenleg lokalsamfunn der alle skal kunna leva aktive liv.

Arbeidarpartiet vil prioritera gode, felles offentlege helse- og omsorgstenester og vil leggja stor vekt på rehabilitering og førebyggjande helsearbeid. God helse og livskvalitet for alle er målet vårt. Ei verdig eldreomsorg vil framleis vera eit prioritert felt innan helse og omsorg i komande valperiode. Dei som treng det, skal sikrast sjukeheimplassar, omsorgsbustader og hjelp heime. Difor er det eit hovudmål å byggja 64 nye sjukeheimplassar i samsvar med vedteken Rehabilitering, helse og omsorgsplan.

Stord sjukehus med sine akuttfunksjonar gir tryggleik for innbyggjarane i kommunen og regionen elles. Lett tilgang til sjukehustenester har også mykje å seia for konkurranseevne og rekruttering til næringslivet på Stord.

Ein god oppvekst varer heile livet. Difor vil Stord Arbeidarparti vektleggja tidleg innsats i barnehage og skule for å gi alle barn eit godt utgangspunkt for

trivsel og læring. Innan oppvekst og utdanning vil Stord Arbeidarparti prioritera kvalitetsutvikling i skule og barnehage samt naudsynt vedlikehald og oppgradering av barnehagar og skular. Nye barnehagar skal eigast og driftast i kommunal regi.

Dei frivillige organisasjonane representerer ulike grupper, interesser og perspektiv. Organisasjonane er difor viktige i det norske demokratiet og verdfulle for lokalsamfunnet gjennom det arbeidet dei gjer på mange ulike felt. Dei er også med på å utvikla fellesskapskjensla i lokalsamfunnet, noko som bidreg til at me står sterkare i krisesituasjonar. Stord kommune skal vera ein støttespelar og samarbeidspartnar for organisasjonane, og bidra til å gi dei trygge økonomiske rammevilkår.

Stord Arbeidarparti vil gjennom god økonomistyring og klare prioriteringar bevare velferdskommunen og slik sikra tryggleiken til innbyggjarane i alle fasar av livet. Det er no viktig å tryggja kommuneøkonomien og ta ned investeringsnivået i kommunen.

Stord Arbeidarparti vil at Stord skal vera eit sterkt og inkluderande regionsenter som arbeider for ei positiv og balansert samfunnsutvikling i Sunnhordland. Me vil arbeida for at kommunane i regionen saman er ein aktiv og drivande støttespelar og samarbeidspartnar for næringslivet, høgskulen, sjukehuset og andre offentlege institusjonar og tenesteytarar. Me vil ha ei positiv haldning til frivillig samanslåing av kommunar i regionen.



Rehabilitering, helse og omsorg

For Stord Arbeidarparti er det eit politisk mål at innbyggjarane skal leva gode og aktive liv i alle livsfasar. Difor vil førebyggjande helsearbeid med vekt på fysisk aktivitet og gode sosiale møteplassar både for yngre og eldre vera eit satsingsområde. Mange opplever einsemd, og det kan ofte vera vanskeleg å gjera noko med einsemda på eiga hand på grunn av sviktande helse og færre sosiale samanhengar å delta i. Difor vil Stord Arbeidarparti arbeida systematisk for at kommunen saman med friviljuge utviklar fleire gode møteplassar ikkje berre for eldre, men også for andre grupper. Eit meningsfylt innhald i kvardagen er ein viktig føresetnad for god helse. Difor er dagaktivitets- og avlastingstilbod viktige ikkje berre for den einskilde brukar, men også for pårørande. Det er viktig å ha tilstrekkeleg tilgang på tilrettelagde arbeidsplassar slik at flest mogeleg kan delta i arbeidslivet ut frå sine egne føresetnader.

For den einskilde og for samfunnet er det viktig at dei ulike rehabiliteringstenestene dekkjer det reelle behovet. Stord Arbeidarparti vil difor styrkja arbeidet ved rehabiliteringssenteret og i heimerehabiliteringa. Saman med profesjonell rådgiving til dei som treng å leggja til rette bustaden, fleksible heimetenester og bruk av velferdsteknologi vil me bidra til at flest mogeleg kan få bu trygt heime.

Ein trygg bustad er ein viktig føresetnad for eit godt liv. For nokre grupper er ikkje det å ha ein bustad noko sjølv sagt. Stord kommune skal sikra gode bumiljø for personar med nedsett funksjonsevne. Kommunen sitt gode bustadsosiale arbeid for personar med utfordringar med rus og psykisk helse skal vidareførast og vidareutviklast.

Samstundes som at me legg til rette for at dei fleste får bu heime, må me sikra nok sjukeheimplassar til dei som treng det. Trass i stor utbygging, er det framleis stor trong for nye plassar i Stord kommune. Stord Arbeidarparti vil difor byggja nye sjukeheimplassar og i samband med dette etablera eit produksjonskjøken som kan dekkja behovet både til institusjonane og til heimebuande.

I ein situasjon der folk har høge forventningar til kommunale tenester, og der me vert færre yrkesaktive pr. pensjonist, vil Stord Arbeidarparti i åra som kjem også leggja best mogeleg til rette for at folk skal kunna ta ansvar for eiga helse og egne livsvilkår.



Stord Arbeidarparti vil:

- byggja 64 nye sjukeheims plassar i tråd med vedteken RHO-plan.
- etablera eit produksjonskjøken som kan dekkja behovet til institusjonane, og som også kan produsera middag for heimebuande med behov for hjelp
- utvikla heimetenestene slik at fleire kan bu trygt og godt heime.
- auka kapasiteten på rehabilitering og fysioterapi både ved Stord rehabiliteringssenter og i heimetenestene.
- arbeida for å redusera ventetida for dei som treng fysikalsk behandling.
- vidareføra tiltaka i Godt å bu heime-prosjektet, og utvikla bruken av velferdsteknologi og telerehabilitering i det faste kommunale tenestetilbodet.
- satsa vidare på dagtilbod for eldre for å auka trivsel og funksjonsevne, og redusera trongen for kommunale institusjonsplassar.
- leggja målet om eit aldersvenleg samfunn til grunn for kommunalt planarbeidet i alle sektorar.
- halda oppe tilbodet for personar med psykisk utviklingshemming, m.a. ved å vidareutvikla det gode miljøet og tilbodet ved Sæbø gard og tilby varierte tilrettelagte arbeidsplassar og bustader.
- sikra verdige livsrammer for vaksne rusmisbrukarar ved å vidareføra tilbodet ved Maris og samarbeidet med Kirkens bymisjon.

- vidareføra det rusførebyggjande samarbeidet mellom kommunen og politiet (SLT).
- vidareføra utekontakten som eit viktig førebyggjande tiltak.
- ha sterkt fokus på førebyggjande helsearbeid for å betra folkehelsa og folks livskvalitet, og dermed redusera behovet for kostbare kommunale tenester.
- arbeida for å betra legedekninga og vurdere å oppretta eit kommunalt legesenter.
- arbeida for å halda oppe fullverdige akuttfunksjonar og fødetilbod ved Stord sjukehus.
- vidareføra arbeidet med å gjera Stord til føregangskommune for heiltidskultur i omsorgssektoren.
- styrkja arbeidet mot valdtekt og vald i nære relasjonar. Bidra til å realisere eit nytt krisesenter i tenelege lokale.
- vidareføra den sosiale bustadpolitikken ved å gi eit tilbod til dei som ikkje kjem inn på den ordinære bustadmarknaden.



Næring, miljø og utvikling

Stord og Sunnhordland

Som den mest folkerike kommunen og regionssenter i Sunnhordland har Stord eit særskilt ansvar for samhandling og samarbeid i regionen. Stord Arbeidarparti

vil at Stord skal vera eit sterkt og raust regionssenter som set tonen for vidare vekst og utvikling i Sunnhordland gjennom interkommunalt og –regionalt samarbeid.

Stord Arbeidarparti vil

- vera ein pådrivar for samhandling i Sunnhordland m.a. gjennom Sunnhordlandsrådet.
- vera ein pådrivar for tettare samarbeid mellom Sunnhordland og Haugalandet og mellom Rogaland og Vestland fylke. På sikt er målet ei samanslåing av fylka til ein sterk vestlandsregion.
- vera positiv til frivillige kommunesamanslåingar i Sunnhordland.
- arbeida for ein styrka sunnhordlandsidentitet m.a. gjennom aktiv deltaking i omdømmeprosjektet til Sunnhordlandsrådet.
- støtta Høgskulen på Vestlandet (HVL) som ein viktig leverandør av utdanning og kompetanse i regionen, og som ein viktig bidragsytar til å ta i vare og vidareutvikla dei sterke fagmiljøa i regionen.
- samarbeida tett med den vidaregåande skulen, Ytre Sunnhordland opplæringskontor m.fl. for å få nok lærlingar i fag som næringslivet har behov for.
- bidra til å etablera eit regionalt senter for yrkesfag saman med fylkeskommunen og næringslivet.
- arbeida for at me har ein sterk politistasjon som er synleg i kvardagen til innbyggjarane og gjev tilbod om dei fleste tenester.
- vidareutvikla brann- og redningssamarbeidet i Vest brann og redning.
- styrka dei lokale rettsinstansane gjennom samlokalisering av tingretten og jordskifteretten.

Kommunen og samfunnet

Stord Arbeidarparti vil at Stord kommune skal vera ein god og inkluderande arbeidsgjevar der trepartssamarbeid set rammene for kontinuerleg utvikling av kommuneorganisasjonen. Kommunen må òg ta ansvar for å bidra til ryddige og trygge arbeidsforhold elles i samfunnet. Stord Arbeidarparti seier eit tydeleg og absolutt «nei» til konkurranseutsetting av kommunale tenester.

Stord Arbeidarparti vil

- at Stord kommune skal ha som mål å ta inn to lærlingar pr 1000 innbyggjarar pr år, og tilbyr lærlingplassar i så mange fag som mogleg.

- styrka oppfølginga av dei kommunale lærlingane.
- utarbeida ein rekrutteringsstrategi for RHO og oppvekstområdet.
- bruka kommunen si innkjøpsmakt til å fremja eit seriøst arbeidsliv og grøn omstilling gjennom å vidareutvikla «Stordmodellen» i tett dialog med fagrørsla og lokalt næringsliv.
- at Stord kommune skal vera ein inkluderande arbeidsgjevar der varsling vert teke positivt imot.
- at Stord kommune skal vera ein føregangskommune når det gjeld heiltidskultur og rett til faste heile stillingar.
- styrka kommunen som organisasjon gjennom kontinuerleg forbettringsarbeid i samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar.
- syta for godt vedlikehald av kommunen sine bygg
- at Stord kommune skal arbeida målretta med samfunnstryggleik og beredskap i samarbeid med nabokommunane.
- At Stord kommune i størst mogleg grad skal tilsetja og bruka eigne vikarar, gjennom m.a. optimalisering av vikarpool og vikarstab.

Næringsutvikling

Stord har eit sterkt næringsliv med svært høg kompetanse. Stord Arbeidarparti vil at kommunen skal bidra til gode rammevilkår for eksisterande bedrifter og vera ein aktiv tilretteleggjar og støttespelar for nyetableringar. Regionalt samarbeid m.a. om areal og kompetanseutvikling er avgjerande for vidare utvikling av næringslivet i Sunnhordland.

Stord Arbeidarparti vil

- sørga for at kommunen til ei kvar tid har ein oppdatert strategi og tiltaksapparat for etablering og ivaretaking av næring.
- vidareutvikla Stord kommunale utviklingsselskap som eit verktøy for utvikling av eksisterande og nye næringsareal.
- vidareføra «Invest in Sunnhordland» og arbeida for at alle kommunane i Sunnhordland vert med i samarbeidet.
- vidareføra og -utvikla samarbeidet med Atheno om næringsutvikling og nyetablerarar.
- støtta opp om industrien si omstilling til nye fornybare og lavkarbonmarknader.
- arbeida for å få fleire statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til Stord.

- leggja til rette og arbeida for å etablera arbeidsplassar med ulike kompetanseprofil, slik at ektefeller og sambuarar kan skaffa seg arbeid og busetja seg i regionen.
- utvikla ordninga med teknisk fagskuleutdanning fram mot ingeniørutdanning i samarbeid med verksemdene, fagskulen og HVL.



Arealplanlegging

Kommunen må planleggja og leggja til rette for gode bustad- og næringsområde, og utvikla infrastruktur som gjer det attraktivt å bu og driva næring i Stord kommune. Marknadskreftene kan ikkje åleine sikra eit godt og variert bustadtilbod til alle. På same måte klarar heller ikkje marknadskreftene å tilby ei stor nok breidde i kva næringsareal som er til rådvelde. Stord Arbeidarparti vil difor satsa på kommunen som utviklar av bustad- og næringsareal.

Stord Arbeidarparti vil

- sørga for at til ei kvar tid er tilgjengelege bustadtomter og næringsareal i ulike delar av kommunen. Det er særskilt viktig å utvikla nye næringsareal til sjø.
- at Stord kommune sjølv skal utvikla nye bustad- og næringsområde gjennom Stord kommunale utviklingsselskap.
- at planar skal vera det viktigaste verktøyet i arealforvaltninga.
- sikra nok og rimelege bustadar til førstegangsetablerarar og unge familiar, t.d. gjennom arealkrav, leige til eige m.m.
- framleis bandleggja Landåsen som rekreasjonsområde.
- utvikla ein arealpolitikk som tydeleg skil mellom utbyggingsområde og LNF-område, og sikrar viktige natur- og friluftsområde for ålmenta.
- leggja til rette for sjønære hytter og bustader på Huglo
- utvikla gruveeigedommen på Litlabø som område for bustad, reiseliv og friluftsliv.
- leggja til rette for utvikling av Tømmervika til eit areal for samanstilling av flytande havvindmøller, og regulera eit samanhengande næringsareal frå Tømmervika til Heiane Sør.
- realisera ny tømmer- og næringskai på Sørstokken, og utvida næringsarealet rundt flyplassen.
- sikra at dyrka mark ikkje vert redusert.

Byutvikling

Leirvik er sentrum av byen vår og det naturlege samlingspunktet for store feststunder i kommunen. Eit levande sentrum er viktig for trivsel og fellesskap blant innbyggjarane. Samstundes er det viktig med utvikling av dei andre sentruma i kommunen som t.d. Sagvåg og Huglo.

Stord Arbeidarparti vil

- utvikla torget, Borggarden, kaiområdet og indre Leirvik hamn i samsvar med vedteken byroms- og hamnestrategi.
- vidareføra bygginga av strandpromenaden frå moloen til kyrkja.
- fortsetja arbeidet med å realisera ein ny ytre molo i samsvar med vedteken hamnestrategi.
- leggja offentlege publikumstenester til Leirvik.
- realisera den vedtekne nye bussterminalen med parkeringshus og kontor.

- realisera miljøgata gjennom sentrum og planleggja miljøgate frå Hamnegata til Sponavikjo.
- modernisera kulturhuset og utvikla dette til ein sosial og kulturell møteplass for innbyggjarar i alle aldrar.
- leggja til rette for at studentane på høgskulen kan delta i kulturaktivitetar og sosialt liv i sentrum.
- vidareutvikla Folk i sentrum og støtta opp under andre arrangement i kommunen.
- leggja målet om aldersvenleg samfunn til grunn i arbeid med overordna planar og sektorplanar.

Reiselivsnæringa

Reiselivsnæringa er ei vekstnæring, og sunnhordlandsregionen har gode føresetnader for å utvikla reiselivsprodukt. Stord Arbeidarparti vil leggja til rette for at Stord og Sunnhordland framstår som eit attraktivt reisemål.

Stord Arbeidarparti vil

- vidareutvikla gruvene som attraktivt reiselivsmål i samarbeid med Geopark Sunnhordland og Venelaget for gruvene.
- arbeida for å få snøggbåtsamband mellom Bergen og Stavanger, med Leirvik som stoppestad.
- fremja Stord som eit knutepunkt for reiselivssatsinga i Sunnhordland.
- auka båtturismen i Leirvik, Sagvåg og på Huglo ved å sikra gode tenester som sal av drivstoff og ladestasjon til båtfolket.
- sørga for at ein større del av Leirvik hamn er tilgjengeleg for båtturistar i sesongen.
- vera positiv til private initiativ til etablering av bubilparkering i ulike delar av kommunen.
- i samband med realisering av ytre molo arbeida for at Leirvik vert ei hamn for passasjertrafikk langs kysten.

Samferdsle og kommunikasjon

Gode kommunikasjonar er avgjerande for bu- og næringsattraktivitet. Stord og nabokommunane må fungera som éin arbeids- og bustadmarknad.

Samferdsleutbygging har òg ein miljø- og klimadimensjon. Difor vil Stord arbeidarparti styrkja kollektivtilbodet, arbeidet med gang- og sykkelveggar og

leggja vekt på å fremja nullutsleppsløysingar når nye samferdsleprosjekt skal planleggjast. For å nå desse måla er det viktige samferdsleprosjekt som må realiserast:

- ferjefri kyststamveg mellom Bergen og Stavanger.
- ein moderne og trygg Haukeliveg mellom Vestlandet og Austlandet.
- realisering av Huglasambandet.
- brusamband (Sunnfast) eller alternativt kort ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord via Huglo og Tysnes
- ny E39 Heiane – Ådland som tek i vare mest mogleg av Landåsen.

Stord Arbeidarparti vil

- arbeida for å halda oppe eit tenleg ferjetilbod på fylkesvegsambanda.
- arbeida for god korrespondanse mellom bussar, båtar og ferjer, og mellom dei offentlege tilboda og dei private ekspressbussane.
- arbeida for at innbyggjarane i Stord skal kunna ferdast på eit samanhengande nett for gåande og syklande langs alle hovudvegane i kommunen.
- fullføra gang- og sykkelvegen langs Litlabøvegen.
- rehabilitera dårlege kommunale vegar.
- vera pådrivar for betre og nyskapande kollektivtilbod slik at dette vert eit reelt alternativ til privatbilen. Utvikla ringbuss, autonom sentrumsbuss og fleksible kollektivløysingar i samarbeid med fylkeskommunen.
- vera pådrivar for betre kollektivtransport mellom HVL og Leirvik.
- leggja til rette for utleige av elsyklar på utvalde knutepunkt i kommunen.
- bidra til etablering av flybuss frå Leirvik til Sørstokken i samarbeid med nabokommunane.

Landbruket

Stord Arbeidarparti vil ta vare på og sikra gode rammevilkår for landbruket på Stord slik at det kan eksistera i lag med alle andre interesser. Landbruket er ein ressurs i bykommunen både som næring, beredskapsmessig og som trivselsfremjande faktor.

Stord Arbeidarparti vil

- prioritera midlar til skogrydding for å sikra kulturlandskapet.

- ta vare på dei samanhengande, sentrale jordbruksområda i kommunen.
- vera ein pådrivar for betre kommunikasjonar til landbruket på Huglo.
- støtta utvikling av lokalmatprodukt og reiselivsprodukt
- støtta initiativ som gir folk høve til å dyrke mat sjølv t.d. gjennom andelsjordbruk.

Hamn og sjø

Me vil gjera Stord Hamn Eldøyane til regional godshamn for Sunnhordland og vidareutvikla Leirvik og Sagvåg hamn. Stord Arbeidarparti vil at fleire skal få glede av båtliv i Sunnhordlandsbassenget.

Stord Arbeidarparti vil

- vidareutvikla Eldøyane hamn som regional gods- og næringshamn.
- finna ei god løysing for den kommunale kaien på Sør-Huglo.
- byggja fleire båtplassar for utleige til ein akseptabel pris.
- byggja ny ytre molo i Leirvik for å ta hand om næringstrafikken og redusera konflikt med bebuarar i indre Leirvik hamn.
- utvikla indre Leirvik hamn i samsvar med hamnestrategien for å styrka attraktiviteten for innbyggjarar og tilreisande.
- byggja ny tømmer- og næringskai på Sørstokken.
- leggja til rette for bygging av ny molo og kai i Grunnavågen.
- støtta opp om verksemda til Redningsselskapet sitt sjøredningskorps i Sunnhordland.



Klima og miljø

Stord kommune har ein variert natur der innbyggjarane har tilgang til sjø, skog og fjell. I kombinasjon med tettstadmiljø i utvikling og tradisjonsrike kulturlandskap utgjer dette eit viktig grunnlag for velferd og livskvalitet for innbyggjarane. For Stord Arbeidarparti er det eit prioritert mål å ta vare på kvalitetane i natur- og kulturmiljøet. Samstundes må Stord kommune ta sitt ansvar for å motverka klimaforverringa, som kan bli det største trugsmålet mot velferd og livskvalitet i framtida. Omsynet til klima, miljø og naturmangfald skal difor trekkjast inn i alle politiske avgjerder.

Stord Arbeidarparti vil

- utarbeida ein klimaplan og ha årlege klimabudsjett og –rekneskap som skal syta for at Stord når målsettinga om netto nullutslepp innan 2030.
- fullføra miljøsertifiseringa av dei kommunale einingane.
- at alle nye kommunale køyretøy skal ha nullutslepp.
- leggja til rette for tilstrekkeleg ladestasjonar for el-bilar.
- sikra rekreasjonsområde ved sjøen, i skogen og på fjellet for innbyggjarane, og i samarbeid med Friluftsrådet og turlaget byggja ut, vedlikehalda og leggja til rette for bruk av turstiar, badestrender, parkeringsplassar og serviceanlegg.
- prioriterta utbygging av turløypene i Landåsen mot Litlabø og Stuva, langs Storavatnet og mellom Sævarhagen og Rommetveit.
- sikra gode tilførsleveggar frå bustadområda til naturområda og ordna parkering ved utfartsstadene i fjellet.
- vidareutvikla gode møteplassar og grøne lunger i sentrum av Leirvik og Sagvåg.
- ta vare på gode tettstadmiljø og kulturlandskap. Me vil etablera ein Vakker Stord-pris for gode estetiske løysingar ved nybygg, ombygging og regulering.
- satsa på ei kostnadseffektiv utbygging og vedlikehald av vass- og avlaupsnettet slik at alle innbyggjarane på Stord og Huglo får god og sikker vasskvalitet og tilfredsstillande avlaupsordningar.
- leggja til rette for overgang til fornybare energikjelder i transportsektoren og ved privat og offentleg rehabilitering og nybygg.

Kultur, idrett og frivillig arbeid

Kulturen vert skapt der menneske møtest. Gjennom kulturen vert det knytt band ikkje berre mellom fortid og notid, men mellom generasjonar og grupper, og mellom det lokale og internasjonale samfunnet. Kulturpolitikk er både velferdspolitikkk og samfunnsbygging.

Arbeidarpartiet vil difor støtta organisasjonar og andre aktørar i det lokale kulturlivet og prioritera høgt utvikling av arenaer og møteplassar der innbyggjarane både skaper og møter kulturuttrykk.

Stord Arbeidarparti vil vidareutvikla eit godt samarbeid med organisasjonar som har kultur, idrett og frivillig arbeid i fokus.

Kultur

Kulturen kjem til uttrykk i det me gjer og skaper. Notidskulturen byggjer på og vidareutviklar det generasjonane før oss har skapt og gjort. For Stord Arbeidarparti er det viktig å synleggjera og formidla dette sambandet mellom fortid og notid. Slik vil me bidra til å utvikla lokal identitet og til auka innsikt i vår eiga tid.

Stord Arbeidarparti vil

- oppretthalda ei berekraftig kulturminneforvaltning, og stimulera til tverrfagleg samarbeid for å sikra at viktige kulturminne ikkje går tapt.
- arbeida for gode tilskottsordningar til museum.
- byggja og levandegjera vår lokale identitet ved å spela på lag med kystkulturmiljøet i Sagvåg, gruvemiljøet på Litlabø, historiegruppa ved Verftet, Sunnhordland museum og Stord maritime museum.
- bidra til realisering av rehabiliteringa av Sunnhordland museum, "Nye Sunnhordlandstunet".
- arbeida for eit regionalt maritimt museum på Leirvik tilknytt dei lokale museumsnettverka.
- framheva nynorsk som ein identitetsmarkør for Stord kommune både lokalt og i resten av landet.

- nytta innkjøpsmakta til kommunen til å fremje nynorsk t.d. ved å stilla krav om nynorsk språk i offentlege anbod.
- over tid utvikla kulturhuset som fullverdig arena for kunst, teater og konsertar.
- gi biblioteket gode rammer for kulturformidling, læring og oppleving.

Idrett

Idretten står veldig sterkt på Stord, og ein av dei fremste kvalitetane ved Stord som oppvekstkommune er det varierte tilbodet av idrettsaktivitetar for born og unge. Kommunen spelar ei viktig rolle for idretten m.a. ved å vedlikehalda og byggja nye idrettsanlegg, og ved å støtta opp under og samarbeida med dei mange idrettslag.

Stord Arbeidarparti vil

- byggja regional ishall på Vikahaugane.
- arbeida for å realisera dobbel rackethall i tråd med arealanalysen til Stord idrettslag.
- rehabilitera naturgrasbanen på Vikahaugane.
- vurderer miljøvenleg alternativ til dagens kunstgrasbanar ved skifting av dekke.
- leggja til rette for godt vedlikehald og drift av idrettsanlegga gjennom samarbeidsavtalar med idrettslag.
- arbeida for gode rammevilkår for idrettsarrangement som t.d. Handballfestivalen, Puttefestivalen, Eat Move Sleep-cup og Sunnhordland maraton.
- vidareføra og utvikla ordninga med støtte til fritidstilbod for barn- og unge i låginntektsfamiliar.

Frivillig arbeid

Eit velfungerande lokalsamfunn er avhengig av ein aktiv og engasjert frivillig sektor. Stord Arbeidarparti vil satsa på frivilligheita og jobba for å gi gode rammevilkår til frivillige lag og organisasjonar.

Stord Arbeidarparti vil

- støtta og samarbeida med dei frivillige organisasjonane for å utvikla velferd og trivsel i kommunen.

- trekkja idrettsråd, musikkråd, ungdomsråd inn i dei politiske prosessane slik at dei vert høyrde før vedtak vert gjort.
- utvikla Kulturhuset ein kulturell og sosial møteplass for Stord og regionen, .
- utvikla Vidsteenvarden på Leirvik til ein god utandørs arena for framføring av musikk og scenekunst.
- styrkja koordineringa av bibliotek, Leirvikstova og Hagerupshuset som kulturelle og sosiale møteplassar.



Oppvekst og utdanning

Tryggleik og kompetanseheving

Det er viktig at barn og unge er sikra gode tenester i barnehage, skule, barnevern og kulturskulen. Alle barn og unge skal ha rett til trygge og gode rammer i barnehage og skule. Det å fokusere på livsmeistring inn i oppvekst og

utdanning blir òg viktig. På den måten kan ein skape eit godt fundament for vidare læring.

Å vera tilsett ved skular og barnehagar inneber livslang læring. Me vil difor sikra kompetanseheving og fagleg støtte for dei tilsette i opplæringsverksemda for å sikra utvikling og fokus på undervisningskvalitet. Difor vil me også arbeida for å trygga lærarutdanninga på Stord og utvikla Stord som studentby for å sikra tilgang på kompetanse.

Stord Arbeidarparti vil m.a. gjennom samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og Kontaktutvalet for innvandrarar leggja til rette for at fleire born med innvandrarbakgrunn deltek i kultur- og fritidstilbod.

For oss i Stord Arbeidarparti er det viktig å sikra god kommunikasjon og samhandling mellom dei ulike felta innan oppvekstområdet, m.a. gjennom vidare satsing på Betre tverrfagleg innsats (BTI) og vidareutvikling av verktøya me har på dette området i dag.

Stord Arbeidarparti vil

- syta for kontinuerleg kompetanseheving for barnevern og andre som arbeidar tett på barn og unge, i korleis ein kan avdekka vald og overgrep.
- ha born og unge si helse i fokus, og sikra at dei vaksne som jobbar tett med barn og unge har nok og rett kompetanse til førebygging og oppfølging.
- satsa vidare på Betre tverrfagleg innsats (BTI).
- syta for tilstrekkelege ressursar til helsesjukepleiar i skulane.
- syta for at livsmeistring vert eit viktig fokusområde i barnhagar og skular.
- leggja vekt på at skulane har handlingsplanar og tiltak som gir alle elevane ein trygg og sosial skulekvardag. Me vil vurdere ei ordning med miljøkoordinatorar for å styrka teamet rundt eleven.
- ha ei felles satsing for skular og barnehagar mot mobbing og utanforskap.
- støtta samarbeidet mellom barnehage og skule for å sikra gode overgangar for elevane.
- støtta samarbeidet mellom HVL og skular/barnehagar med sikte på kompetanseheving og kvalitetsutvikling.
- sikra vidare drift av fritidsklubbane.
- leggja til rette for trygge sosiale møteplassar for ungdom.

- samarbeida med fylket for å sikra eit breitt tilbod av både studieførebuande og yrkesretta studieretningar ved Stord vidaregåande skule.

Barnehagane

Barnas utdanningsløp startar i barnehagen. Barnehagane spelar i dag ei sentral og grunnleggjande rolle i barns liv og læring, og difor blir det å lage eit godt fundament frå starten av viktig. Godt ordforråd og tidleg innsats i samband med generell språkopplæring har stor effekt på seinare utvikling og læring. Me vil difor prioritera langsiktig satsing på pedagogisk arbeid i barnehagane, samtidig som leiken og kor viktig den er for bornas læring, blir vektlagt.

Stord Arbeidarparti vil

- tilby barnehageplass til alle som ynskjer det.
- jobba for fleksibelt opptak i barnehagar
- støtta pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagane for å auka kvaliteten.
- sikra tospråklege barn eit fagleg godt opplegg for språkopplæring.
- jobba for ei god generell språkopplæring i barnehagane.
- syta for å ha gode kommunale barnehagebygg.
- syta for å ha ein tilstrekkeleg vaksenttettleik i barnehagen.
- realisera ny kommunal barnehage i Sagvåg-/Litlabømrådet når behovet tilseier det.

Skulane

Skulen skal skapa gode læringsforhold og trygge rammer for barna. Det er gjennom borna vi skaper framtida. Stordskulen skal difor ha høg fagleg og pedagogisk kvalitet, velhaldne og vakre skulebygg og trivelege læringsmiljø.

Skulen i Noreg fekk i førre periode nye læreplanar som har kravd endringar i det pedagogiske arbeidet, og dette arbeid vil bli vidareført i kommande periode. Me ser òg ei digital utvikling i samfunnet som krev høgare digital kompetanse hos elevane og lærarane. Arbeidarpartiet vil difor satsa vidare på pedagogisk og fagleg bevisst bruk av IKT i undervisninga.

Fellesskap gjennom felles måltid er viktig for skulekvardagen. Mat på skulen vil kunna bidra til betre helse, mindre sosiale ulikskap, samt fremja læring.

Stord Arbeidarparti vil

- oppgradera og utvida kapasiteten ved Langeland skule med pedagogiske behov som styrande prinsipp.
- gjennomføra naudsynt oppgradering av Leirvik skule.
- sikra gode pedagogiske-, psykososiale- og fysiske vilkår i eit langsiktig perspektiv i Stord skulane.
- ha fokus på felles måltid i skulen og arbeida for at born skal kunne få dette på skulen.
- visa lærarane tillit og gi dei ansvar for å utvikla gode læringsmiljø.
- prioritera tidleg innsats og tilrettelagt undervisning for å støtta elevane som har faglege eller sosiale utfordringar, og sikra gode spesialpedagogiske tilbod.
- sikra eit velfungerande leksehjelptilbod.
- satsa på symjeopplæringa i skulen. Alle skal kunne symja når dei går ut 4. trinn i grunnskulen.
- satsa på lese- og skriveopplæringa i skulen.
- syta for at elevane har god digital kompetanse og ha verktøy dei kan nytta i undervisninga.
- syta for ein sunn balanse mellom digital opplæring og bruk av bøker, blyant og papir.
- auke lærarane sin profesjonsfaglege digitale kompetanse.
- sikra kommunal støtte for skulane i fagfornyingsprosessane, og stilla med naudsynte ressursar.
- sikra ressursar til å følgja opp elevane som treng hjelp gjennom støtteapparat som til dømes helsesjukepleiar.



SFO

Skulefritidsordninga (SFO) er eit avgjerande tilbod for fleire familiar, m.a. fordi skulekvardagen sluttar tidlegare enn den normale arbeidsdagen. Arbeidarpartiet har som mål at alle som ynskjer det, skal ha høve til delta i skulefritidsordninga. Tilbodet bør ha ein pris som gjer det til eit tilbod for alle. Det må stillast krav til høg kvalitet i aktivitetstilbodet på SFO.

Stord Arbeidarparti vil

- ha eit godt og variert aktivitetstilbod i SFO, slik at barn og unge får utvikla både sosiale, kreative og motoriske dugleikar gjennom lek og utforsking.
- støtta dei tilsette i SFO i utviklingsarbeid for å auka kvaliteten.
- sikra at dei borna som har rett på SFO, og i ferien, har tilfredsstillande tilbod.
- vidareutvikla samarbeidet med aktuelle aktørar i kommunen, til dømes idrettslaga, kulturskulen, Stord vgs og HVL.
- arbeida opp mot staten for å utvida ordninga med gratis kjernetid i SFO til å gjelda også 3.-klassingar.

Kulturskulen

Kulturskulen skal gje alle eit tilbod om å utvikla sine kreative evner og interesser. Kulturskulen er difor eit viktig velferdstiltak som bidrar til å gjera Stord til eit levande, utviklande og attraktivt bu- og oppvekstmiljø.

Stord Arbeidarparti vil

- sikra nok elevplassar og eit breitt tilbod i kulturskulen og gode lokalitetar for drifta.
- støtta etableringa av tilbod for vaksne i kulturskulen.
- arbeida for eit tett samarbeid mellom kulturskulen og skulen med sikte på å gi fleire barn tilgang til kulturskuletilbodet.



Kandidatane våre som kvar dag arbeidar for trygg styring og sterke fellesskap.

Våre kandidatar

Gaute Straume Epland
Trude Aamot
Edgar Damås
Susan Hassan Abdallah
Roger Sæverud Sagvåg
Constane Leth Iversen
Ulvar Akselsen
Inger Christin Hystad Barane
Tore Hatlevik
Asbjørg Hovland Verpelstad
Narinder Singh
Inger Johanne Moe
Per Jan Ingebrigtsen
Julia Wiland
Petter Hovland Skimmeland
Beate Andersen
Anders Aasheim

Kristine Agersborg Solheim
Kjell Arne Presthaug
Vigdis Olsen
Jim Ryen
Elin Sofie Kannelønning
Asle Ragnar Dahl
Roy-Sverre Amundsen
Monica Ann Skår
Finn Madsen Jr.
Inga Margrethe Fagerbakke
Jostein Øgård
Jannecke Fjeldtvedt
Per Jarle Kosior Valvatne
Grethe Mosheim
Tarjei Aamot Haga
Sigvor Østerhus
Inge Øpstad